

21/3-2012

- Prega av forfall

Forskar på bygdeutvikling, Dag Jørund Lønning, er sjokkert over forfallet i Leirvik sentrum.

Tekst: KARI STAUTLAND

STORD: Det er nokre år sidan sist den utflytta stordabuen tok seg ein rusletur i Leirvik sentrum. Sosialantropologen er slett ikkje imponert over utviklinga.

- Forfall var eit ord som poppa opp i hovudet mitt. Laurdag føremiddag var det kanskje tre menneske å sjå i Borggata, seier Lønning. Han meiner Leirvik sentrum har mista identiteten fullstendig.

- Eg får inntrykk av at Leirvik er ein stad ein har gjeve opp. Driten renn nedover bygningane, og trehusa er i ferd med å rasa saman, seier Lønning, som er rektor ved Høgskulen for landbruk og bygdenæringar på Klepp.

Lite som minner om by

- Leirvik er ikkje noko bygd, og langt frå ein by. Det finst ikkje omgrep som dekkjer det Stord er i dag, seier Lønning.

- Kor er byen reint fysisk? Og kor er motestadene som kjenneteiknar ein by? Eg er ikkje i stand til å sjå at dette ein by, konkluderer Lønning. Han meiner at ein lett blir blind for sitt eige næringsområde, og tek Haugesunds Avis med på ein tur gjennom Osen, Torget og Borggata.

Første stoppestad er Grand Hotell, der målinga flassar av husveggen. Stort betre er det ikkje ved rådhuset, der grønnska har fått utfalda seg fritt.

- Rådhuset skal representera kommunen. Det set ein dårleg standard om ein ikkje ein gong held den bygningen ved like, meiner Lønning. Då han var liten var Borggata sjolve kjernen på oya. Ein stad der folk møttest kvar laurdag formiddag, og staden ein stolt viste fram til besøkjande.



INGEN BY: Dag Jørund Lønning meiner at Stord aldri burde fått bystatus. Og at byar som ikkje blir halde vedlike burde fått bystatusen inndregen.

FOTO: KARI STAUTLAND

I dag blir starten på Borggata markert av dei tomme butikkløka etter Fokus Bank og Sport 1. Førstnemnde har lagt ned avdelinga på Stord, og flytta dei tilsette til Haugesund. Sistnemnde flytta butikken til Amfi-senteret like før jul. Sidan har lokala stått tomme.

I ovre del av Borggata er tomme lokale regelen heller enn unntaket. Blant dei ein gong så vakre gamle trehusa ligg ein dyrebutikk og eit par frisørsalongar. Elles ingenting.

Fryktar sentrum kan døyt ut

- På taket på turnhallen ser det ut som ein er i ferd med å anlegga plen, påpeikar Lønning. Han meiner det er på høg tid at ein tek ein debatt rundt framtida til sentrum.

- Kva vil ein eigentleg med Leirvik? Skal ein la det døyt ut og tenkja at Heiane blir møteplassen i framtida? Denne debatten

må bli teken, meiner Lønning. Han viser til Egersund og Voss som eksempel på små stader der dei har lykkast med å få eit levande sentrum.

- I Egersund har dei fokus på å behalda trehusa i sentrum, og å gjera sentrum til ein treffstad, medan Voss marknadsfører seg som eit bygdesentrum, og har lykkast med det, seier forskaren.

- Det handlar om omdømme og identitet og å vera medvitne på kva ein ynskjer i sentrum når ein tek politiske avgjersler i enkeltsaker, meiner Lønning.

- Kven har ansvaret for å gjera noko med sentrum? Politikarane eller innbyggjarane?

- Ansvaret ligg jo hos innbyggjarane, me kan ikkje berre sjå på forfallet utan å gjera noko, men politikarane bør by til debatt, seier den utflytta stordabuen.

kari.stautland@h-avis.no



FORFALL: Rådhuset.

FOTO: KARI STAUTLAND



FORFALL: Butikk i Øvre Borggata.



FORFALL: Østrem-huset.

- På tide med debatt om sentrum

Ordførar Liv Kari Eskeland er samd i at eit møkkete rådhus ikkje er noko godt utstillingsvindaug, men er fast bestemt på at Leirvik sentrum har ei framtid.

Høgre-ordføraren er til ei viss grad samd i at sentrum kunne sett betre ut, men påpeikar at det ligg føre fleire planar for å utvikla sentrum.

- Akkurat no ser det kanskje ikkje ut til å vera mykje som skjer med sentrum, men me har jo rusta opp Øvre Borggata og har planar for nye bussoppstillingsplassar i Osen, utvikling av grøntområda ved Kulturhuset og området i Sæ, påpeikar Eskeland. I Øvre Borggata blei det lagt ned nye heller og sett opp lyktestolpar for eit par år sidan.

- Det står i grell kontrast til ein del av bygningane?

- Ja, det trengst vedlikehald der. Det har blitt jobba med å samla huseigarane der oppe til eit felles løft, men det har vore vanskeleg å få til, seier Eskeland.

- Kva med rådhuset? Målinga flassar og veggene er kledde med grønnske?

- Byens rådhus burde sjølvsagt framstilt betre enn det gjer i dag, men det har ikkje blitt prioritert. Det ser eg at me må gjera noko med, seier ordføraren.

Ho er samd i at sentrum treng å utvikla seg som samlingsstad, men er tydeleg på at Stord og Leirvik fortener bystatusen.

- Sunnhordland treng ein by, og Leirvik er det naturlege knutepunktet. Sentrum har eit stort potensial, meiner Eskeland. Ho set pris på utspela frå Lønning, og tek gjerne ein ny debatt om sentrum.

- Me har hatt slike debattar før, men dei har døydde ut etter

kort tid. Men både politikarane, sentrumsforeininga og næringsrådet er opptekne av dette, seier Eskeland. Ho påpeikar at Stord har behov for næring både på Heiane og i sentrum.

- Dei to stadene utfyller kvarandre, og Leirvik skal vera møtestaden, seier Eskeland.

Printed and distributed by NewsPaperDirect
www.newspaperdirect.com US Call: 1 877 480 4140 India: 011 6334 6334
COPYRIGHT AND PROTECTED BY PAPERDIRECT